



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2020-2023

# Møteinnkalling

## Møre bispedømmeråd 2020-2023

---

Møtedato: 31.10.2022 kl. 10:15

Møtested: Møre bispedømmekontor

Arkivsak: 19/04266

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf 41 28 32 50 eller e-post [es827@kirken.no](mailto:es827@kirken.no).  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed frå møtesekretær.

Litt meir om møtet og dagen:

- AU har fastsett at møtet blir halde fysisk på Møre bispedømmekontor.
- Lunsj ca kl 11:45 saman med staben på bispedømmekontoret
- Det blir tre besøk i dag: Prosten i Nordre Sunnmøre Prosti, av Kirkens Nødhjelp og to frå Ungdomsrådet (deltek på teams).

### Opning /ord for dagen ved Monika Tettli

### SAKSLISTE

#### Godkjenning av innkalling og saksliste

56/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre Bispedømmeråd  
31.10.22

#### Godkjenning av protokoll

57/22 Protokoll Møre bispedømmeråd 12.09.2022 off. versjon

#### Orienteringssaker

58/22 Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 31.10.22

59/22 Nasjonalt bevaringsprogram for istandsetting av kulturhistorisk viktige kirkebygg

#### Saker til behandling

60/22 Bispedømmerådet møter prosten i Nordre Sunnmøre prosti  
Saksordførar: Arne Moltubak

61/22 Oppsummering etter Kyrkjemøtet 2022  
Saksordførar: Therese Utgård Aas

- 62/22 Val av valråd 2023, Saksordfører: Olav Myklebust
- 63/22 Rekneskapsrapport pr. 30.09.22, Saksordfører: Frode Rabbevåg
- 64/22 Overordna styringssignal og budsjett for årsplan 2023  
Saksordfører: Ole Martin Grevstad
- 65/22 Revidert plan for bruk av mindreforbruk;  
Saksordfører: Ole Martin Grevstad
- 66/22 Delegasjon frå bispedømmeråd til stiftsdirektør i saker som omhandlar samanslåing av sokneråd, Saksordfører: Monika Tettli
- 67/22 Godkjenning av namneskifte på Fellesråd,  
Saksordfører: Olav Rønneberg

MOLDE, 24.10.2022

Ann-Kristin Sørvik  
leiar

Elin Næsje Sætre  
møtesekretær



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elin Næsje Sætre	011	19/04266-167	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
56/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022

## Godkjenning av innkalling og saksliste Møre Bispedømmeråd 31.10.22

### Vedlegg:

Saksliste Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022

### Saksorientering

Bispedømmerådet skal i denne saka

1. Godkjenne innkalling og saksliste
2. Ta stilling til saker som skal handsamast for lukka dører

Bispedømmerådet sine møter blir halde etter reglane for bispedømmerådet si verksemd og Forskrift 5. juni 2020 nr. 3316 om krav til gjennomføring av fjernmøter i bispedømmerådene.

Arbeidsutvalet har bestemt at møtet 12/9 skal vere eit fysisk møte.

*«Møter i bispedømmerådet holdes for åpne dører, dersom ikke rådet selv har bestemt noe annet. Personalsaker og saker hvor lovbestemt taushetsplikt tilsier det, skal behandles for lukkede dører. Debatt om en sak skal behandles for åpne eller lukkede dører foregår for lukkede dører», jf. 3 i reglane for bispedømmerådet si verksemd.*

### Forslag til vedtak

Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2020-2023

# Møteinnkalling

## Møre bispedømmeråd 2020-2023

---

Møtedato: 31.10.2022 kl. 10:15

Møtested: Møre bispedømmekontor

Arkivsak: 19/04266

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf 41 28 32 50 eller e-post [es827@kirken.no](mailto:es827@kirken.no).  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed frå møtesekretær.

Litt meir om møtet og dagen:

- AU har fastsett at møtet blir halde fysisk på Møre bispedømmekontor.
- Lunsj ca kl 11:45 saman med staben på bispedømmekontoret
- Det blir tre besøk i dag: Prosten i Nordre Sunnmøre Prosti, av Kirkens Nødhjelp og to frå Ungdomsrådet (deltek på teams).

### Opning /ord for dagen ved Monika Tettli

### SAKSLISTE

#### Godkjenning av innkalling og saksliste

56/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre Bispedømmeråd  
31.10.22

#### Godkjenning av protokoll

57/22 Protokoll Møre bispedømmeråd 12.09.2022 off. versjon

#### Orienteringssaker

58/22 Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 31.10.22

59/22 Nasjonalt bevaringsprogram for istandsetting av kulturhistorisk viktige kirkebygg

#### Saker til behandling

60/22 Bispedømmerådet møter prosten i Nordre Sunnmøre prosti  
Saksordførar: Arne Moltubak

61/22 Oppsummering etter Kyrkjemøtet 2022  
Saksordførar: Therese Utgård Aas



- 62/22 Val av valråd 2023, Saksordfører: Olav Myklebust
- 63/22 Rekneskapsrapport pr. 30.09.22, Saksordfører: Frode Rabbevåg
- 64/22 Overordna styringssignal og budsjett for årsplan 2023  
Saksordfører: Ole Martin Grevstad
- 65/22 Revidert plan for bruk av mindreforbruk;  
Saksordfører: Ole Martin Grevstad
- 66/22 Delegasjon frå bispedømmeråd til stiftsdirektør i saker som omhandlar samanslåing av sokneråd, Saksordfører: Monika Tettli
- 67/22 Godkjenning av namneskifte på Fellesråd,  
Saksordfører: Olav Rønneberg

MOLDE, 24.10.2022

Ann-Kristin Sørvik  
leiar

Elin Næsje Sætre  
møtesekretær



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2020-2023

# Møteprotokoll

## Møre bispedømmeråd 2020-2023

Møtedato: 12.09.2022 kl. 10:15  
 Møtestad: Møre bispedømmeråd  
 Arkivsak: 19/04266

Til stades: Monika Tettli (uavhengig), Ann Kristin Sørvik (Nominasjonskomiteens liste), Frode Rabbevåg (Nominasjonskomiteens liste), Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke), Ole Martin Grevstad (Åpen folkekirke), Olav Myklebust (Åpen folkekirke), Ingeborg Midttømme, Arne Moltubak, Arvid Helle (fung.stiftsdirektør)

Frammøtte varamedlemer: Mildrid Fiske

Forfall: Olav Rønneberg

Andre: Tillitsvalt Anders Barstad, Margaret Mørk, NRK ved Terje Reite og Synnøve Hole(på teams) Marit Heiene(Romdals Budstikke sak 52 og 53)

Frå staben i delar av møtet Anne-Marit Hagelund, Eline Rabbevåg, Grethe Lystad Johnsen, Svein Magne Harnes, Kurt Vadset og John Erik Brakstad

Protokollfører: Elin Næsje Sætre

### SAKSLISTE

Side

#### Godkjenning av innkalling og saksliste

[46/22](#) Godkjenning av innkalling og saksliste Møre bispedømmeråd 12.09.22 2

#### Godkjenning av protokoll

[47/22](#) Protokoll Møre bispedømmeråd 2020-2023 13.06.2022 3

#### Tilsettingssaker

[48/22](#) Tilsetting av studentprest ved Høgskolen i Molde, campus Molde og Kristiansund - Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd 3

[49/22](#) Tilsetting av sokneprest i Molde domprosti med Bolsøy sokn som særleg tenestestad - Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd 4

### Saker til behandling

[50/22](#) Rekneskapsrapport pr. 30. juni 4  
[51/22](#) Møteplan 2023 - Møre bispedømmeråd 5  
[52/22](#) Høyringsvar - Forbud mot konverteringsterapi 6  
[53/22](#) Innhenting av opplysningar om samlivsform ved utlysing av proste- og prestestillingar i Møre bispedømme 10  
[54/22](#) Kyrkjemøtet 2022 - Møre bispedømmeråd sin førebuing 11

### Orienteringssaker

[55/22](#) Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 12.09.22 11

Sted, 24.10.2022

Elin Næsje Sætre  
Sekretær

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### 46/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre bispedømmeråd 12.09.22

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	46/22

### Forslag til vedtak

1. Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste
2. Tilsettingssaker blir handsama for lukka dører. Andre saker blir haldne for opne dører.

### Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:

### Møtebehandling

**Votering:** Einstemmig

### Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

1. Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste

2. Tilsettingssaker blir handsama for lukka dører. Munnlege orienteringar som er u/off. kjem etter tilsettingssakene i det lukka møtet.

Andre saker blir haldne for opne dører.

### **Godkjenning av protokoll**

#### **47/22 Protokoll Møre bispedømmeråd 2020-2023 13.06.2022**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	47/22

#### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 13. juni 2022.

#### **Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:**

#### **Møtebehandling**

**Votering:** Einstemmig

#### **Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 13. juni 2022.

### **Tilsettingssaker**

#### **48/22 Tilsetting av studentprest ved Høgskolen i Molde, campus Molde og Kristiansund**

*Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd*

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	48/22

**Forslag til vedtak**

Det blir vist til innstilling om tilsetting, jfr tilsettingsprotokollen.

**Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:****Møtebehandling****Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår Ragnhild Annie Fuglseth som studentprest i Kristiansund og Molde.

**49/22 Tilsetting av sokneprest i Molde domprosti med Bolsøy sokn som særleg tenestestad**

*Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd*

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	49/22

**Forslag til vedtak**

Det blir vist til innstilling om tilsetting, jfr tilsettingsprotokollen.

**Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:****Møtebehandling****Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset Tor Martin Koppang på fastsette vilkår som sokneprest Molde domprosti med Bolsøy sokn som særskild tenestestad.

**Saker til behandling****50/22 Rekneskapsrapport pr. 30. juni**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	50/22

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2022 til orientering.

**Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:****Møtebehandling**

**Votering:** Einstemmig

**Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømmeråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2022 til orientering.

**51/22 Møteplan 2023 - Møre bispedømmeråd**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	51/22

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar slik møteplan for 2023  
6/2, 20/3, 17/4, 5/6, 3/8, 18/9, 30/10, 11/12

**Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:****Møtebehandling**

Forslag til nye datoar:  
Vurdering førebuande møte i Trondheim 3. aug. utover våren.  
6/2, 20/3, 14/4, 16/6, ev. teams 3/8, 18/9, 27/10, 14/12.

**Votering:** Einstemmig

**Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar slik møteplan for 2023  
6/2, 20/3, 14/4, 16/6, ev. teams 3/8, 18/9, 27/10, 14/12.

## 52/22 Høyrings svar - Forbud mot konverteringsterapi

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	12.09.2022	52/22

### Forslag til vedtak

Regjeringa har lagt ut på høyring eit forslag om eit forbod mot «konverteringsterapi», og Møre bispedømeråd takkar for høvet til å gje ei uttale i dette høvet.

Møre bispedømeråd vil understreke det viktige signalet denne lova sender. Utgangspunktet for høyrings svaret er at alle menneske er skapt i Guds bilete, og har ei grunnleggande verdigheit som ikkje skal krenkast. Møre bispedømeråd gjev derfor si tilslutning til lovforslaget.

### Kyrkja sitt diakonale oppdrag

Frå kyrkja sin diakoniplan kan ein lese at all diakonal omsorg byggjer på gjensidigheit, likeverd og respekt for den andre, vidare at vi «ynskjer å byggje eit samfunn som er rettferdig og godt for alle». Der ein blir «utfordra til å vere bevisst på dei rådande maktforholda, utfordre strukturar som fremjar urett, og gi rom for dei stemmene som vanlegvis ikkje blir høyrde».

Å utsetje eit anna menneske for metodar som har til formål å endre, fornekte eller undertrykke si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet, som er klart eigna til å påføre psykisk skade vil vere ei krenking av den enkelte, og i strid med kyrkja sitt diakonale oppdrag.

### Om religionsfridomen

Høyringsnotatet gjev ei fyldig vurdering av retten til religionsfridom, forstått som retten til å vedkjenne seg til, ikkje vedkjenne seg til eller bytte religion. Samt retten til å utøve sin religion, åleine eller i eit samfunn med andre truande, til å meddele og forkynde si religiøse tru til andre og til å følgje religiøse prinsipp. Møre bispedømeråd er glade for at regjeringa tek religionsfridomen på alvor. Vi meiner at i eit livssynsøpe samfunn vil det vere ein verdi å verne om religionsfridomen, både som eit individuelt standpunkt og i kollektivet, då dette kan bidra til gjensidig respekt på tvers av ulike grupperingar i samfunnet.

Samstundes kan retten til religionsfridom ikkje nyttast til å forsvare handlingar som påfører enkeltpersonar eller grupper psykisk skade. Kjennskapen til at 36 prosent av skeive har hatt symptom på psykiske plager i ei gitt periode på 14 dagar, samanlikna med 18 prosent av befolkninga i alt (SSBs livskvalitetsundersøkelse frå 2020, s.18 i Høyringsnotatet), er berre eitt eksempel på at det framleis er ein veg å gå i å sikre likeverdige levekår og livskvalitet for alle. Møre bispedømeråd vurderer at eit forbod mot konverteringsterapi vil beskytte enkeltmenneske mot ein skadeleg praksis, samt beskytte skeive som gruppe mot sosialt og religiøst press, motverke stigmatisering, skam og sjølvforakt.

### **Om sjelesorga sitt rom**

Det er avgjerande for oss at alle menneske skal kjenne seg trygge på at dei kan oppsøke kyrkja si sjelesorgteneste, som eit rom der både tankar, kjensler, ånd og kropp vil ha plass. Omsorga mellom sjelesørgjar og konfident skjer gjennom lytting og samtale. Dette er eit lukka rom, der det ikkje vert ført journal, og der det er tilsynet sitt ansvar å gripe inn om overtramp skjer. Vi ser at i den grad sjelesørgjer stiller med ein eigen agenda om å få konfidenten til å endre, fornekte eller undertrykke si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet, så vil dette verte ramma av forbodet.

Det som derimot ikkje vil vere ramma av forbodet, er samtaler med menneske om vanskar med seksuell orientering eller kjønnsidentitet (s.99 i Høyringsnotatet). Kyrkja har erfaring med at menneske som er usikker på eiga legning eller kjønnsidentitet kan sjå dette som ei livskrise. Det er viktig at konsekvensen av lova ikkje vert at prestar, diakonar og andre som utøver sjelesorg unngår å ynskje personar som opplever å ha problem med si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet velkommen inn i samtalerommet, då dette er ein sentral del av medvandrarsvaret som nestekjærleiksbodet utfordrar til.

### **Om trusopplæring og barns oppveksttilhøve**

Gjennom kyrkja si trusopplæring ynskjer vi å bidra til at alle barn kjenner seg sett og elska som den dei er, utan at dei treng å endre seg eller bli endra for å vere bra nok. Vi ser det som ei viktig utfordring for kyrkja å skape trygge rom for alle barn. Dette finn vi tydeleg omtalt i kyrkja sin trusopplæringsplan der prinsippet om barnets beste, ligg til grunn både som pedagogisk og rettsleg prinsipp.

Gjennom Kirkenes verdensråd har det vore arbeid med barnrettigheter gjennom satsinga «Kirkens ansvar for barns rettigheter», her har barn og teologar identifisert tre satsingsområder, å lytte til barn, beskytte barn og ta vare på det enkelte barn.

### **Om lova si utforming**

Møre bispedømmeråd støttar lova slik den er utforma, men stiller spørsmål ved overskrifta, som framleis lyder «konverteringsterapi». Møre bispedømmeråd utfordrar til å søkje å finne ei anna nemning, då dette kan lede til å tenke at forbodet framleis kun gjeld terapiliknande metodar, eventuelt at ein gjennom ein slik type «terapi» kan bidra til å hjelpe nokon.

## **Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:**

### **Møtebehandling**

Rikke Kopperstad fremja nytt forslag til vedtak mht konverteringsterapi: «Møre Bispedømmeråd avviser forslaget om lov mot konverteringsterapi. Det er ikke gjort funn som gir grunnlag for et så alvorlig og omfattende lovforslag. Konsekvensanalyse av lovforslaget mangler. Ingen skal påtvinges endring i følelser, seksualitet eller valg av livsstil. Men de som selv ønsker å samtale med en veileder om evnt uønskede seksuelle følelser, må naturligvis i et fritt og demokratisk samfunn kunne gjøre dette uten fare for at aktuell veileder å bli straffeforfulgt. Når barn, unge



eller voksne av ulike årsaker strever med følelsene rundt eget biologisk kjønn, vil samtaler om årsaker til forvirringen være til stor nytte for noen. Det er svært alvorlig at lovforslaget innebærer fengselsstraff som tilsvarer uaktsomt drap, om de det gjelder får hjelp til å godta medfødt kjønn.»

Olav Myklebust fremja forslag om å endre administrasjonen sitt forslag til vedtak:

- Endre avsnitt 2 under kyrkja sitt diakonale oppdrag slik: «Å utsetje eit anna menneske for marknadsføring og metodar.....»

Therese Utgård fremja forslag om å endre administrasjonen sitt forslag til vedtak

- Ta vekk avsnittet «**om lova si utforming**» i si heilheit.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart endra i samsvar med forslaga frå Myklebust og Utgård.

## Votering

Nytt forslag til vedtak 2 stemmer

Administrasjonen sitt vedtak med endringar : 8 stemmer

## Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Regjeringa har lagt ut på høyring eit forslag om eit forbod mot «konverteringsterapi», og Møre bispedømmeråd takkar for høvet til å gje ei uttale i dette høvet.

Møre bispedømmeråd vil understreke det viktige signalet denne lova sender. Utgangspunktet for høyringssvaret er at alle menneske er skapt i Guds bilete, og har ei grunnleggande verdigheit som ikkje skal krenkast. Møre bispedømmeråd gjev derfor si tilslutning til lovforslaget.

## Kyrkja sitt diakonale oppdrag

Frå kyrkja sin diakoniplan kan ein lese at all diakonal omsorg byggjer på gjensidigheit, likeverd og respekt for den andre, vidare at vi «ynskjer å byggje eit samfunn som er rettferdig og godt for alle». Der ein blir «utfordra til å vere bevisst på dei rådande maktforholda, utfordre strukturar som fremjar urett, og gi rom for dei stemmene som vanlegvis ikkje blir høyrde».

Å utsetje eit anna menneske for marknadsføring og metodar som har til formål å endre, fornekte eller undertrykke si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet, som er klart eigna til å påføre psykisk skade vil vere ei krenking av den enkelte, og i strid med kyrkja sitt diakonale oppdrag.

## Om religionsfridomen

Høyringsnotatet gjev ei fyldig vurdering av retten til religionsfridom, forstått som retten til å vedkjenne seg til, ikkje vedkjenne seg til eller bytte religion. Samt retten til å utøve sin religion, åleine eller i eit samfunn med andre truande, til å meddele og forkynne si religiøse tru til andre og til å følgje religiøse prinsipp. Møre bispedømmeråd

er glade for at regjeringa tek religionsfridomen på alvor. Vi meiner at i eit livssynsøpe samfunn vil det vere ein verdi å verne om religionsfridomen, både som eit individuelt standpunkt og i kollektivet, då dette kan bidra til gjensidig respekt på tvers av ulike grupperingar i samfunnet.

Samstundes kan retten til religionsfridom ikkje nyttast til å forsvare handlingar som påfører enkeltpersonar eller grupper psykisk skade. Kjennskapen til at 36 prosent av skeive har hatt symptom på psykiske plager i ei gitt periode på 14 dagar, samanlikna med 18 prosent av befolkninga i alt (SSBs livskvalitetsundersøkelse frå 2020, s.18 i Høyringsnotatet), er berre eitt eksempel på at det framleis er ein veg å gå i å sikre likeverdige levekår og livskvalitet for alle. Møre bispedømmeråd vurderer at eit forbod mot konverteringsterapi vil beskytte enkeltmenneske mot ein skadeleg praksis, samt beskytte skeive som gruppe mot sosialt og religiøst press, motverke stigmatisering, skam og sjølvforakt.

### **Om sjelesorga sitt rom**

Det er avgjerande for oss at alle menneske skal kjenne seg trygge på at dei kan oppsøke kyrkja si sjelesorgteneste, som eit rom der både tankar, kjensler, ånd og kropp vil ha plass. Omsorga mellom sjelesørgjar og konfident skjer gjennom lytting og samtale. Dette er eit lukka rom, der det ikkje vert ført journal, og der det er tilsynet sitt ansvar å gripe inn om overtramp skjer. Vi ser at i den grad sjelesørgjer stiller med ein eigen agenda om å få konfidenten til å endre, fornekte eller undertrykke si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet, så vil dette verte ramma av forbodet.

Det som derimot ikkje vil vere ramma av forbodet, er samtaler med menneske om vanskar med seksuell orientering eller kjønnsidentitet (s.99 i Høyringsnotatet). Kyrkja har erfaring med at menneske som er usikker på eiga legning eller kjønnsidentitet kan sjå dette som ei livskrise. Det er viktig at konsekvensen av lova ikkje vert at prestar, diakonar og andre som utøver sjelesorg unngår å ynskje personar som opplever å ha problem med si seksuelle orientering eller kjønnsidentitet velkommen inn i samtalerommet, då dette er ein sentral del av medvandraransvaret som nestekjærleiksbodet utfordrar til.

### **Om trusopplæring og barns oppveksttilhøve**

Gjennom kyrkja si trusopplæring ynskjer vi å bidra til at alle barn kjenner seg sett og elska som den dei er, utan at dei treng å endre seg eller bli endra for å vere bra nok. Vi ser det som ei viktig utfordring for kyrkja å skape trygge rom for alle barn. Dette finn vi tydeleg omtalt i kyrkja sin trusopplæringsplan der prinsippet om barnets beste, ligg til grunn både som pedagogisk og rettsleg prinsipp.

Gjennom Kirkenes verdensråd har det vore arbeidd med barnrettigheter gjennom satsinga «Kirkens ansvar for barns rettigheter», her har barn og teologar identifisert tre satsingsområder, å lytte til barn, beskytte barn og ta vare på det enkelte barn.

## 53/22 Innhenting av opplysningar om samlivsform ved utlysing av proste- og prestestillingar i Møre bispedømme

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	53/22

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd har i sine utlysingstekster over tid informert om at opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetting, jf. Likestillings- og diskrimineringslova §30. Heimelen til å innhente opplysningar om samlivsform er i liten grad vore praktisert. I tillegg er det gjort klart at omgrepet samlivsform i Likestillings og diskrimineringslova er knytt til LHBT+ og ikkje til spørsmålet om ein er gift/sambuar. Om ein er gift/sambuar er det høve til å spørre om utan at det går fram av utlysingstekst. Møre bispedømmeråd vil difor endre utlysingstekst i tråd med praksis og intensjon. Formulering i utlysingstekster om samlivsform vil for framtida bli tatt bort.

### Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:

#### Møtebehandling

Rikke Kopperstad fremja nytt forslag til vedtak:

«Møre Bispedømmeråd vil fortsatt benytte seg av utlysingstekst i stillingsannonser der samlivsform kan etterspørres og vektlegges.»

Arne Moltubak fremja nytt forslag til vedtak ved å endre administrasjonen sitt forslag: «Møre bispedømmeråd har i sine utlysingstekstar over tid informert om at opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetting, jfr Likestillings- og diskrimineringslova §30. Formulering i utlysingstekst om samlivsform vil for framtida bli tatt bort.»

Administrasjonen trekker sitt forslag til vedtak, og endrar det til forslag fremja frå Arne Moltubak.

#### Votering

Rikke Kopperstad sitt vedtak fekk to stemmer og administrasjonen sitt endra vedtak fekk åtte stemmer.

### Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd har i sine utlysingstekstar over tid informert om at opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetting, jfr Likestillings- og diskrimineringslova §30. Formulering i utlysingstekstar om samlivsform vil for framtida bli tatt bort.

## 54/22 Kyrkjemøtet 2022 - Møre bispedømmeråd sin førebuing

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	54/22

### Forslag til vedtak

Kyrkjemøtet sine saker og førebuing av desse blir tatt til vitande

### Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:

### Møtebehandling

**Votering:** Einstemmig

### Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Kyrkjemøtet sine saker og førebuing av desse blir tatt til vitande

## Orienteringssaker

## 55/22 Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 12.09.22

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.09.2022	55/22

[Click here to enter text.](#)

### Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 12.09.2022:

### Møtebehandling

Skriftlege orienteringar:

1. Prestekonvent 2022  
4.-6.oktober er det prestekonvent for alle bispedømmerådets tilsette. Dette året er også bispedømmekontorets tilsette godt representert, og ser dette som ein viktig arena for å knyte kontakt med bispedømets prestar. Tema for konventet er Prest – der livet vert levd. Vona er at dette vert ei god samling både for fagleg påfyll, rekreasjon og fellesskap.
2. Gjester frå Ungarn  
I høve prestekonventet får vi besøk av ei gruppe prestar frå vårt venskapsbispedømme i Ungarn. Biskop Tamas kjem saman med sin teologiske

rådgjevar, leiar av bispedømmerådet og sju prestar. Etter konventet blir gruppa delt i to, nokon reiser til Volda, nokon blir i Molde. Her vert det lagt opp eit program der dei både får vere litt turistar, samt sjå noko av det arbeidet vi driv.

3. Nye pilotar «helhetlig menighetsplan» – full utrulling 2023  
Vi er i prosess med å rekruttere nye pilotkyrkjelydar for å prøve ut planverktøyet «Helhetlig menighetsplan». Kvart bispedøme kan melde inn ti kyrkjelydar.
4. Digitale fagmøte undervisningstilsette  
Denne hausten vert det gjennomført tre digitale fagmøte for undervisningstilsette i bispedømet, som på ulike måtar handlar om å møte menneske i krevjande livssituasjonar.
5. Seminar 21. september på Knutdzonlunden på Frei  
Tema Pilegrimsspor i kunst og kultur. Seminaret er eit samarbeid med Festspillene i Kristiansund.  
[Seminar: Pilegrimsspor i kunst og kultur - Festspillene i Kristiansund \(festspillksu.no\)](http://festspillksu.no)
6. Fagsamling i Trondheim for kyrkjemusikarar 5. og 6. oktober. Fagsamlinga er felles for kyrkjemusikarane i Møre og Nidaros, og blir arrangert av kyrkjemusikalsk utval i dei to bispedøma i samarbeid med kyrkjemusikkutdanninga ved NTNU.
7. **For første gong inviterer/kallar Møre bispedømme inn til prostidag!**
  - 18. okt. i Surnadal for prostia på Nordmøre
  - 20. okt. for Romsdalsprostia i menighetscenteret i Bolsøy
  - 26 okt. på Sunnmøre folkehøgskule for Søre Sunnmøre prosti
  - 27. okt. i Sykkylven kyrkje for Nordre Sunnmøre prosti

Under står programskisse for dagane. Samlingane blir gjennomført etter kyrkjemøtet, og repr. frå bispedømmeråd blir invitert til å dele frå egne opplevingar på kyrkjemøtet under programbolken som omhandlar «Kyrkja som organisasjon»

Tid	kva
09.00 – 09.15	<b>Kyrkja som fellesskap</b> Opning
09.15 – 09.45	Registrering, kaffe/ te, frukt
09.45 – 09.55	Velkommen
09.55 – 10.10	Intro - Dnk's visjon og strategi
10.10 – 10.15	<b>Kyrkja for den enkelte</b> Plenum
10.15 – 10.35	Stabsvise gruppearbeid - Korleis forkynner vi evangeliet i vår kyrkjelyd?
10.35 – 10.45	Pause
10.45 – 11.05	Presentasjon av gruppearbeid - "Kva får vi til hos oss?"
11.05 – 11.30	Informasjon
11.30 – 12.30	Lunch
12.30 – 13.30	<b>Kyrkja i samfunnet</b>
12.30 – 12.35	Kva ser vi i media? - Ulike måtar å kommunisere med sivilsamfunnet - Korleis ser andre oss?
12.35 – 13.00	<b>«Top secret»?</b>  Kommunikasjonstips - Mediekontakt – kordan fremje saker i media? - Kommunikasjonstips - "Skjer i kirken"
13.00 – 13.30	Stabvise gruppearbeid - Kva er vi gode på? - Kva kan vi bli betre til?
13.30 – 13.50	Pause
13.50 – 15.00	<b>Kyrkja som organisasjon</b>
13.50 – 13.55	Intro
13.55 – 14.30	<b>Konstruktiv refleksjon om veien vidare etter kyrkjemøtet</b> Stemningsrapport
14.30 – 15.00	<b>«Two be one»</b> Samtale rundt borda - Kva betyr dette for oss?
15.00 – 15.30	Oppsummering i plenum

Munnlege orienteringar:

Frå biskopen:

1. Ingeborg Midttømme er valt inn i eksekutivkomiteen til Kirkenes Verdensråd.
2. Orientering om Prest under utdanning utvikla til ein master. Møre har 7stykker.

Andre orienteringar:

1. Kirkens bymisjon held på med ny organisering. Møre har godt lokalt arbeid.

### **Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømeråd tek orienteringane til vitande



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elin Næsje Sætre	003	21/00273-13	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
58/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022

## Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 31.10.22

### Vedlegg:

Svar på Høring om endring av regler for saksbehandling i liturgisaker  
 Thank you letter to Bishop Ingeborg  
 SMM-avtale  
 Oversikt ledige stillinger pr. 21.10.22

### Saksorientering

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktivitetar. Saka kan bli oppdatert fram til møtet blir halde.

#### Skriftelege orienteringar:

#### 1. Kirkens Nødhjelp 75 år

Kirkens Nødhjelp starta opp i 1947 og er med det 75 år i år. I høve jubileet kjem regionkoordinator Bente Hjertenæs for å snakke om internasjonal diakoni og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

#### 2. Rapport frå Ungdommens kyrkjemøte

Ungdommens kyrkjemøte vart arrangert på Sundvolden 7.-11.oktober. Hovudsakene på UKM var «Trusopplæring for framtida», «Forandringsagenter – en oppfølging av miljø, klima og bærekraft» og «En universelt utformet kirke». Reidun Moltubak og Rasmus Elias Myklebust deltok som representantar for Møre bispedømme, og kjem innom for å rapportere frå møtet.

Her finn de protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/ungdommens-kirkemote/saksdokumenter-og-vedtak/ungdommens%20kirkem%C3%B8te%202022/>

#### 3. Besøk frå Ungarn i samband med prestekonventet

Møre bispedømme hadde glede av å vere vertskap for biskop Tamás, ei gruppe på sju prestar og vald leiar av bispedømet i samband med prestekonventet i Kristiansund. Besøket var til stor velsigning. Undervegs gav gjestane ein presentasjon av det arbeidet dei driv i samband med flyktningstraumen frå Ukraina.



I etterkant av konventet reiste deler av gruppa til Volda, og deler til Molde. Her var det laga eit fyldig lokalt program.

Biskop Tamás uttrykkjer i vedlagte brev ei stor takk for at dei fekk kome, og for måten dei vart mottekne på. Og inviterer til gjensitt i oktober 2023.

Vi ser at slike besøk styrkjer relasjonen mellom våre to bispedøme. Her vert det knytt viktige relasjonar, og det er eit høve til å lære av kvarandre.

#### **4. Orientering frå prostidagar**

Bispedømmekontoret har gjennomført prostidagar for alle prostia, i alt 4 dagar, (Nordmørsprostia hadde felles dag og Romsdalsprostia det same).

Alle dagane tok programmet utgangspunkt i bispedømmerådet sitt strategidokument. Overskrift på dagane var «Rom for tru» og hadde særleg fokus på «forkynne evangeliet til menneske gjennom heile livet», «Fremje verdiar som utfordrar og byggjer eit godt samfunn for alle» og «Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje».

Kyrkjelege organisering var tema i siste programbolken, og på alle dagane deltok bispedømmerådsmedlem med rapport frå kyrkjemøtet.

Den førebelse kjensla etter prostidagane er at denne nye møtearenaen inviterte til dialog, engasjement og deltaking. Møte mellom ulike stabar, faggrupper og arbeidsgivarar gir håp om at vi skal få til å skape ei god kyrkje innanfor nye organisatoriske rammer.

#### **5. Plan for stillingsutlysning, tilsetting og vikarar**

Vedlagt oversikt viser plan for stillingsutlysning og oversikt over tilsetting og vikarar.

#### **6. Avtale SMM – Samarbeid for menighet og misjon**

Bispedømerådet sitt vedtak om samarbeidsavtale SMM er no underteikna og ligg vedlagt.

#### **7. Prestekonvent.**

Dagane 4 – 6 oktober har det vore gjennomført samling for alle prestar i Møre (prestekonvent) i Kristiansund.

#### **8. Høyringsvar om endring av regler for saksbehandling i liturgisaker**

Kirkerådet sendte ut høyring om forslag til endring av regler for saksbehandling i liturgisaker.

Høyringsinstansane bes særleg uttale seg om det presenterte forslaget til tredeling av saksbehandling i liturgisaker. Det nye i forslaget er først og fremst innføring av ei forenkla saksbehandling av nokre liturgiar (regelverkets kapittel 3). Forslaget om nye reglar for saksbehandling i liturgisaker har også konsekvensar for tidlegare §7, no §13 i regelverket. Disse paragrafane gjeld reglene for liturgiske forsøksaker.

#### **Munnlege orienteringar:**

1. Biskopen orienterer om personal- og tilsynsrelaterte saker (ikkje offentleg)
2. Munnleg orientering frå Kyrkerådet
3. Munnleg orientering frå Mellomkyrkjeleg råd
4. Andre munnlege orienteringar

#### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande.



## EVANGELICAL LUTHERAN CHURCH IN HUNGARY

**Presiding Bishop Dr. Tamás Fabiny**

H-1085 Budapest, Üllői út 24.

Tel.: (+36) 1/486-35-56

E-mail: orszagos@lutheran.hu; tamas.fabiny@lutheran.hu

Web: <http://www.evangelikus.hu>

Date: Budapest, 18. 10. 2022.

Reference: EP- 190/2022

**Subject: Thank you!**

**The Rev. Bishop Ingeborg Midttømme**  
Møre Bispedømeråd  
Moldetrappa 1  
6415 MOLDE

**Dear Bishop Ingeborg,**

I would like to say a wholehearted thank you for the generous invitation to the vicars' convention in Kristiansund. It has been a wonderful experience for me and the rest of the Hungarian team from both professional and personal aspects. I was happy to be able to have the possibility for longer and meaningful talks with you and your colleague and that we could get an insight into the structure and issues of your diocese and church. I particularly enjoyed the warm hospitality with which you and the Olav Gading received me in your homes.

After the closing of the conference we had an important meeting with Arvid, Elen, and Jostein about the prospects of our partnership. We would like to invite you and a group of similar size to visit us in Hungary in October 2023. On our side I will leave the preparation and arrangements of this visit to Ms Emese Jasper-Makay, who will remain responsible for the relation during the next year. She will contact you to agree on the convenient time for you to come as we really would like to have you here personally. We are planning to organize a pastoral conference based on the topic of Confirmation and Commitment, which is going to be the highlighted theme in the 2023 in the ELCH in action and theory. Apart from this event we would like to strengthen our relationship in many smaller aspects which could be beneficial for the pastors and our communities of different generation and nature. Altogether we listed 7 ideas that could be exploited in a way in the coming years. These are the following:

- pastoral conference: Confirmation and Commitment - 2023
- one-month-exchange program for pastors – continuous program
- Szélrózsa youth festival in Hungary in 2024
- pilgrimage in Norway
- mutual "AirB&B" for pastors (summer holiday possibilities?)
- Cooperation as sending country through the European Solidarity Corps (Jostein Strabø) (youth between 18-30 and or refugees?)

I think the brainstorming with your colleagues has proved fruitful and there are many exciting possibilities in view with regard to our partnership.

We have published an article about the visit in our church media here: <https://www.evangelikus.hu/hireink/nagyvilag/isten-es-ember-oleleseben-latogatas-norveg-testvereinknel> Emese has translated it to English so that you can read it here:





## EVANGELICAL LUTHERAN CHURCH IN HUNGARY

**Presiding Bishop Dr. Tamás Fabiny**

H-1085 Budapest, Üllői út 24.

Tel.: (+36) 1/486-35-56

E-mail: orszagos@lutheran.hu; tamas.fabiny@lutheran.hu

Web: <http://www.evangelikus.hu>

<https://docs.google.com/document/d/12TzMs9vAEXmxtfCszUNV6u1iQsIN7Wne/edit?usp=sharing&oid=107438612997371478982&rtpof=true&sd=true>

In the meantime we still maintain the prayer bridge which we have launched this year. Tormod and Emese will take care of this. In my view this prayer bridge has proved to be a really strong link between our dioceses. We experience great blessing through this ministry.

We are most grateful for the great support that we receive from you and the Møre diocese both spiritually and in donations. At the end of the year we would like to send you a summary of all the work that has been done for the refugees in our diocese so that you see a full picture of it.

On behalf of the ELCH, the Northern Diocese and for my own person I would like to ask you to continue praying for us and that the Lord bring peace to this region again and help reconcile.

Yours in Christ,



Dr. Tamás Fabiny  
Presiding Bishop

The Evangelical Lutheran Church in Hungary



DEN NORSKE KYRKJA



# Saman om misjonerande kyrkjelydar

## Regional SMM-avtale i Møre bispedøme

Godkjent i Møre bispedømeråd 10.12.2021.

Godkjent av SMM-rådet 15.09.2022


1. SMM Møre er eit regionalt samarbeidsorgan mellom Møre bispedøme og misjonsorganisasjonane som sentralt er medlem i Samarbeid Menighet og Misjon (SMM).
2. Møre bispedømeråd finansierer ei misjonsrådgivarstilling i kombinasjon med andre relevante fagområde som reflekterer det globale arbeidet til Den norske kyrkja.
  - a. Misjonsrådgivar skal ha fokus på kontinuerleg samarbeid med misjonsorganisasjonane i SMM, og er sekretær for SMM Møre.
  - b. Misjonsrådgivarstillinga inngår i eit fleirfagleg samarbeid om misjon og anna globalt arbeid, slik at fleire i staben deler ansvaret for misjon i bispedømet sitt arbeid.
3. Samarbeidet omfattar følgjande område/tiltak/hovudmål: Misjonsavtalar, misjon i trusopplæring, diakoni, gudsteneste og kyrkjelydsliv.
  - a. Samarbeidet skjer i tråd med SMM og Møre bispedøme sine gjeldande planverk.
  - b. SMM Møre utarbeider årlege tiltaksplanar og rapporterer på dette til SMM-rådet og bispedømerådet.
  - c. Det er ønskeleg at Møre bispedømeråd minst ein gong i året drøftar korleis vi når visjonen: «Saman om misjonerande kyrkjelydar, der evangeliet frigjer og utrustar menneske til å dele trua gjennom nærvær, handling og ord lokalt og globalt».
  - d. Misjonsrådgivar blir med på kompetansehevingstur til eit samarbeidsland om lag kvart tredje år i regi av ulike SMM-organisasjonar. Bispedømet betalar halvparten av reiseutgiftene, i tråd med tidlegare ordning.
4. Denne avtalen gjeld i fem år frå 01.01.2022 Avtalen skal evaluerast etter 4 år. Partane kan seie opp avtalen med eit års frist.

Tønsberg 15.09.2022

For Møre bispedøme

  
Bjørn Olaf Storhaug  
Stiftsdirektør

For SMM-rådet/ misjonsorganisasjonene

  
Helge Gaard  
leder SMM-rådet

<b>OVERSIKT LEDIGE STILLINGER OG VIKARER pr 21.10.2022</b>					
<b>Tilsetninger 2022</b>		<b>Søknadsfrist</b>	<b>Tilsetningsdato</b>	<b>Tilsatt</b>	<b>Starter i stillingen</b>
Ikkornes	Sokneprest	31.01.2022	14.03.2022	Knut Farstad	01.06.2022
Tingvoll	Sokneprest	31.01.2022	14.03.2022	Toril Stendahl	01.08.2022
Bispedømmekontoret	Personalsjef	15.03.2022	28.03.2022	Anne-Marit Hagelund	15.08.2022
<b>Stillinger som er lyst ut</b>		<b>Søknadsfrist</b>	<b>Tilsetningsdato</b>	<b>Tilsatt</b>	<b>Starter</b>
Brattvåg	Sokneprest	28.02.2022	25.04.2022	David Spjøtvold	01.08.2022
Myrbostad	Sokneprest	28.02.2022	25.04.2022	Bjørn Myhre	01.08.2022
Fengselsprest i Ålesund	Fengselspres	02.05.2022	13.06.2022	Joachim Haaland	22.08.2022
Herøy	Sokneprest	02.05.2022	13.06.2022	Solfrid Leinebø Seljås	15.06.2022
Bremsnes, Kvernes og Kornstad	Kapellan	02.05.2022	13.06.2022	ingen søkere	
Volda -utvidet fra 20 til 50 %	Studentprest		01.06.2022	Ruth Eva Sollie	22.08.2022
Ålesund - utvidet fra 20 til 50 %	Studentprest		01.06.2022	Joachim Haaland	22.08.2022
Bispedømmekontoret	Rådgiver ungd	06.07.2022	26.07.2022	Ellen Bjørnsen	okt.22
Bolsøy og Sekken	Sokneprest	01.08.2022	12.09.2022	Tor Martin Koppang	01.02.2023
Molde og Kristiansund 50 %	Studentprest	01.08.2022	12.09.2022	Ragnhild A Fuglseth	mar.23
Rådgiver misjon, dialogosv	Rådgiver	19.10.2022	01.11.2022	En søker	01.01.2023
<b>Stillinger som skal lysast ut</b>		<b>Søknadsfrist</b>	<b>Tilsetningsdato</b>		
Myrbostad og Vågøy	Kapellan	19.12.2022	06.02.2023		
Ørskog	Sokneprest	19.12.2022	06.02.2023		
Stranda og Liabygda	Sokneprest	19.12.2022	06.02.2023		
Sunnlyven og Stordal	Sokneprest	19.12.2022	06.02.2023		
Dalsfjord og Kilsfjord	Sokneprest	19.12.2022	06.02.2023		
Ålesund og Volsdalen	Sokneprest	19.12.2022	06.02.2023		
Prost Indre Nordmøre	Prost				
Rauma sokn	Sokneprest				
Geiranger og Nordal	Sokneprest		20.03.2023		
Indre Herøy og Leikong	Sokneprest		20.03.2023		
<b>Prest under utdanning (PUU)</b>		<b>Tilsatt fra</b>	<b>Tilsatt til:</b>	<b>Vikarier i stillingen</b>	
Ålesund og Volsdalen	Kapellan	19.08.20	31.12.22	Gunnhild Bremer	Ferdig 2023
Stordal og Sunnlyven		01.07.22	30.06.23	Ann Kristin Langeland	Ferdig 2023
Ellingsøy		01.01.22	31.12.22	Anne - Helen Roaldsnes	Ferdig 2023
Eide - Molde domprosdti		01.07.22	30.06.23	Stig Kjenstad	Ferdig 2024
Spjelkavik	Kapellan	08.08.22	31.07.23	Stine Margrethe Lerheim	Ferdig 2024
Edøy, Brattvær og Hopen		01.07.20	31.12.22	Leif Ole Torske Husfest	
Midsund		01.07.20	31.12.22	Heidi Kristin Fagersand	Ferdig 2024
Kristiansund		01.01.21	31.12.22	Line Merete Nordhagen	
Ålesund og Volsdalen		01.08.22	31.07.23	Gunnhild Barstad Løvold	
Søre Sunnmøre prosti - Vanylven		01.03.22	31.12.22	Anton Heggvik	Ferdig 2024
Vartdal		22.08.22	21.08.23	Constanze Lindner	
Aure - sommer 2023 ?					
Averøy	Kapellan			SMM	
<b>Prestevikar</b>					
Søre Sunnmøre prosti - Vanylven		18.04.22	30.06.22	Ove Aksnes	
Ytre Nordmøre prosti		01.01.22	30.06.23	Tommy Stormo	50 %
Indre Nordmøre		01.08.22	31.07.23	Odd Erik Stendahl	60 %
Molde		11.06.22	31.12.22	Kristine M Bleikli	100 %
Ytre Nordmøre prosti - Aure		01.09.22	14.12.22	Preben Colstrup	100 %
<b>Vikarprest</b>					
Rauma	Vikarprest	05.09.22	04.12.22	Petter Dahle	
Rauma og Vestnes	Vikarprest	01.10.22	30.11.22	Signe Hellevik	
Rauma og Vestnes	Vikarprest	01.09.22	30.11.22	Harald Sunde	
Averøy	Vikarprest	15.08.22	02.10.22	Hans Arne Akerø	
Ørskog/Skodje	Vikarprest	19.09.22	27.11.22	Birger Foseide	
Ålesund	Vikarprest	29.08.22	25.09.22	Kristin Fæhn	
Indre Nordmøre	Vikarprest	01.08.22	31.12.22	Torbjørn Brøske	
Stranda og Liabygda	Vikarprest	05.09.22	31.10.22	Johannes Nedreliid	
Indre Nordmøre	Vikarprest	01.07.22	31.07.22	Bjørn Hovde	20 %
Ytre Nordmøre prosti	Vikarprest	01.11.22	30.11.22	Kåre Skræmestø	
<b>Ledige stillinger som kommer senere</b>					
Vanylven	Sokneprest				



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd  
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 29.09.2022

Vår ref: 22/02859-2

Dykkar ref: 22/00739-2

## Svar på Høring om endring av regler for saksbehandling i liturgisaker

### Spørsmål til kapittel 1 i regelverket

Spørsmål 1:

Er høringsinstansen enig i at det er tjenlig med en tredeling i saksbehandlingen av liturgisaker?

**Ja**

Kommentar

***Saksutgreiing frå start til ferdig vedtak er omfattande i liturgisaker. Møre bispedømme er nøgd med at ein går inn for ei tredeling av ulike liturgisaker, etter inndeling som skissert.***

Spørsmål 2:

Slutter høringsinstansen seg til at Kirkerådet i tvilstilfeller kan avgjøre om en liturgisak skal behandles etter kapittel 2 eller 3 i regelverket?

**Nei**

Kommentar

***Møre bispedømmeråd vil gjerne understreke bispemøtet sin kompetanse/posisjon i fastsettning av liturgisaker, og vil at regelverket skal slå fast at kyrkerådet berre kan avgjøre om ei liturgisak skal handsamast etter pk.2 eller kp.3, etter at bispemøtet har gitt uttale, alt. etter bispemøtet sitt sekretariat har gitt uttale.***

### Spørsmål til kapittel 2 i regelverket

Spørsmål 3:

Stiller høringsinstansen seg bak at liturgi for hovedgudstjenesten, eventuelle liturgier for faste dager i kirkeåret og liturgier for dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd behandles som beskrevet i kapittel 2?

**Ja**

## Spørsmål til kapittel 3 i regelverket

Spørsmål 4:

Er høringsinstansen enig i at det også er et behov for en forenklet saksbehandling av enkelte liturgisaker?

**Ja**

Spørsmål 5:

Slutter høringsinstansen seg til forslaget til en saksbehandling som beskrevet i kapittel 3?

**Ja**

## Spørsmål til kapittel 4 i regelverket

Spørsmål 6:

Stiller høringsinstansen seg bak forslaget om liturgiske forsøkssaker i §13?

**Ja**

Kommentar

***Møre bispedømme ønsker at bispemøtet får høve til å gi uttale før KR gjer vedtak i liturgiske forsøkssaker, og vil at regelverket reflekterer denne uttaleretten.***

## Andre kommentarer

Spørsmål 7:

Har høringsinstansen andre kommentarer til forslaget til regler for saksbehandling i liturgisaker?

**Nei**



høringsnotat om  
endring av regler fo

*For å opne høyringsnotatet; høyreklikk på pdf-ikonen over, velg opne der det står Acrobat Document-objekt*

Med helsing

Arvid Helle, leiar kyrkjefagavd.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO



Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.



# DEN NORSKE KIRKE

Møre biskop

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 05.10.2022

Vår ref: 22/03466-2 SMH

Deres ref:

## Innspill fra Møre biskop til kirkeprosjektet

Riksantikvaren inviterer i e-post 16.09.22 Møre biskop til innspill til det pågående «Kirkeprosjektet», knyttet opp til det kommende Bevaringsprogram for kulturhistorisk verdifulle kirkebygg. Prosjektet ledes av Riksantikvaren i samarbeid med Kirkerådet og KA, og utføres på oppdrag fra Barne- og familiedepartementet i samarbeid med Klima- og miljødepartementet. Formålet med kirkeprosjektet er å gi departementene et grunnlag for å avgjøre hvordan en ny bevaringsstrategi og bevaringsprogrammer for bevaring av kulturhistorisk verdifulle kirker kan utformes. En detaljert utforming av strategi og programmer vil følge i en senere fase.

Vi viser i denne sammenheng også til Møre biskops høringssvar 07.09.22, til *delrapportene 1-3* knyttet til arbeidet med å utvikle et nytt bevaringsprogram for kulturhistorisk verdifulle kirkebygg.

Høsten 2022 inviterer Riksantikvaren til innspill til fire delrapporter under arbeid og med følgende tema:

2. Plan og modell for prioritering av kirker
3. Forpliktelser ved tildeling av tilskudd
4. Anbefaling om strategi og program
5. Forslag til ny organisering og avtale om samarbeid

Som et utgangspunkt for innspill har Riksantikvaren formulert et sentralt spørsmål knyttet til hver av de fire delrapportene, og biskopens kommentarer følger fortløpende under hvert punkt:

### ***Hvilke hensyn, forutsetninger og interesser må ivaretas ved utformingen av en plan og modell (metode) for prioritering av tilskudd til kirkene?***

Møre biskop merker seg premisset i Stortingsmelding nr. 29 (201-2019): «*Utvelgelsen av kirkene må da skje på nasjonalt nivå, rangert etter vedlikeholdstilstand, verneverdi og etter en vurdering av gjennomføringskapasitet blant annet innen relevante håndverksfag*»

Biskopen er enig i at verneverdien er en markør for prioritering, og at vedlikeholdstilstanden rangerer innenfor dette. Samtidig mener biskopen at et moment også må være at de kulturhistorisk verdifulle kirkene som kan dokumentere høy bruk med utstrakt aktivitet må prioriteres. Hensikten med og kvaliteten ved disse byggene har gjort at de i motsetning til andre samfunnsinstitusjoners bygg fortsatt er i formålets bruk. Disse kirkene praktiserer i høy grad «vern gjennom bruk», og utsettes gjennom det også for betydelig slitasje og har kontinuerlig behov for oppfølging.

Ett eksempel på en slik vernet og samtidig aktiv kirke kan være Ulstein kirke (1849, aut. listeført). Kirken midt i kommunesenteret er arena for et mangfold av arrangementer i en aktiv menighet. Mens planleggingen for en ny moderne arbeidskirke pågår, har menigheten behov for å bruke, bevare og robustgjøre eksisterende kirkebygg.

Det er gjennom årene kommet et tilfang av lovverk og reguleringer som også gjelder for disse listeført brukskirkene, f.eks. brannvern, rømningsveier, toalettforhold, universell utforming osv. Det må ofte iverksettes kostnadskrevenne tiltak for å tilpasse de antikvariske byggene til moderne bruk. Kostnadene ved slike tiltak må vektles inn i forbindelse med prioritering av tilskudd til kirkene.

Det er viktig at modellen for prioritering av tilskudd er forståelig og oppleves rettferdig hos mottakerne.

***Hvilke hensyn/forutsetninger og interesser hos kirkeeier, kommune og antikvariske myndigheter må vurderes ved utforming av forpliktelser til fordeling av tilskudd?***

Møre biskop støtter vurderingen av at relevante planer og rapporter bør kunne etterspørres ved tildeling av midler, som f.eks. forvaltning-/drift-/vedlikeholds-plan, uavhengige tilstandsrapporter, utviklingsplaner for fremtidig bruk av kirkebyggene m.v..

Vi legger til grunn at det vil bli stilt krav om at bevaringsarbeidene skal utføres innenfor en viss tidsperiode, gitt at det er nødvendig tilgang på tradisjonshåndverkere og annen relevant ekspertise. Tildelte midler anses selvsagt som øremerket til bevaringstiltakene, slik at det forplikter til å ikke benytte dem til andre oppgaver eller sammenblende dem med andre budsjettposter/tiltak.

De ulike bevilgende og godkjennende forvaltningsnivåene må på sin side forpliktes på en rask, smidig og effektiv saksbehandling – slik at dette skaper unødig opphold i de lokale bevaringstiltakene.

Retter og plikter må kommuniseres tydelig.

***Hva bør være strategiske mål i bevaringsarbeidet for kirker, og hvordan bør bevaringsprogrammene forsøke å samordne ulike ressurser for en god måloppnåelse?***

Biskopens innsteg er DnKs vedtatte dokument *Kirkelig kulturarv*. I visjonen der heter det:

*«Den norske kirke oppfatter kirkebygg og kirkested som sentrale i sitt oppdrag og sin selvforståelse. Kirken vil at den kirkelige kulturarven skal bli bevart, være i aktiv bruk og bli videreutviklet fordi den oppleves som viktig for Den norske kirkes menigheter og storsamfunnet.*

